

# Øygarden brann og redning IKS

Styret  
Møteprotokoll

## MEDLEM

Namn	Rolle	Representerer	Merknad
Per Rune Eikeseth	styreleiar	Sund kommune	
Olav Martin Vik	nestleiar	Øygarden kommune	
Silvia Haugland	medlem	Øygarden kommune	Forfall
Nina Glesnes	medlem	Sund kommune	Forfall
Elna Nybakk	medlem	Fjell kommune	
Sveinung Vethe	medlem	Fjell kommune	
Jørgen Kausland	medlem	Tilsette	
Eirik Monssen	observatør	Tilsette	

## VARAMEDLEM

Rudolf Krondorfer	varamedlem	For Nina Glesnes
Svein Berge Bjørge	varamedlem	For Silvia Haugland

## ANDRE

Bjørn Olav Paulsen	brann- og redningssjef
Leiargruppa	Øygarden brann og redning IKS: NAM, OGS, JGH, EM


**Dato:** 09.01.2018  
**Tid:** 1500-1715  
**Stad:** Hydranten, Ågotnes brannstasjon




Per Rune Eikeseth  
styreleiar



Olav Martin Vik  
nestleiar



Rudolf Krondorfer  
varaemedlem



Elna Nybakk  
styremedlem

Svein Berger Bjørge  
varamedlem



Sveinung Vethe  
styremedlem



Jørgen Kausland  
styremedlem

Saker til behandling	
	Orienteringssaker
S01/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste møte 09.01.2018
S02/2018	Godkjenning av møteprotokoll 14.11.2017
S03/2018	Driftsbudsjett 2018
S04/2018	Oppseiing av lokale særavtaler
S05/2018	Møteplan 2018

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	09.01.2018	S01/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Innkalling og saksliste for møte 09.01.2018</b>			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 09.01.2018**  
**Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 09.01.2018 slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

#### I møtet

Til spørsmål om offentlegheit eller ikkje: Sakliste og saksdokument normalt offentleg. Unntak vil gjelde spesifikke einskildsake, som kan vere unntatt offentlegheit.

#### **Vedtak**

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre. **Samrøystes vedteken.**

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	09.01.2018	S02/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14.11.2017</b>			
Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 14.11.2017			

**Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 14.11.2017. Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 14.11.2017 slik den ligg føre.

#### **Vedtak**

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 14.11.2017 slik den ligg føre. **Samrøystes vedteken.**

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret for ØBR	09.01.2018	S03/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Driftsbudsjett 2018</b>			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld driftsbudsjett for Øygarden brann og redning IKS for 2018. 18.12.2017 vedtok representantskapet driftsrammar og avsetnadar til fond. Overføringane skil seg frå det budsjettframlegget styringsgruppa tilrådde i møte 07.09.2017. Det vert då nødvendig å tilpasse driftsbudsjettet med dei rammer som no ligg føre. For å oppretthalde avsetnad til fond i samsvar med representantskapet sitt vedtak må driftsbudsjettet justerast ned om lag kr 800 000. Dette fører til at brann- og redningssjefen rår til endra takt i innføring av tiltaka som er lagt inn i brandokumentasjonen. I tillegg rår brann- og redningssjefen bruk at driftsfond. I saka går det fram nokre alternative løysingar for å kome i hamn med eit driftsbudsjett innanfor dei rammer som representantskapet har vedtek. Brann- og redningssjefen ber styre reflektere rundt alternativa.**

**Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta framlegg til innstilling, slik den ligg føre.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Styret godkjenner ramme for driftsbudsjett for 2018

1. eit brutto driftsbudsjett 31 284 000
2. bruk av driftsfond med inntil kr 125 000
3. framdriftsplan for tiltak slik dei kjem fram under *Oppsummeringa* , modell 3

#### **Vedtak**

Styret godkjenner ramme for driftsbudsjett for 2018

1. eit brutto driftsbudsjett 31 284 000
2. bruk av driftsfond med inntil kr 125 000
3. framdriftsplan for tiltak slik dei kjem fram under *Oppsummeringa* , modell 3
4. Styret ber om ei nærare utgreiing av vaktordninga ved Ågotnes brannstasjon og kostnadar med eventuell oppbemanning. HR-ressursen som er lagt inn i modell 3 vert vurdert på nytt saman med sak om vaktordning ved Ågotnes brannstasjon.

#### **Samrøystes vedteken**

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret for ØBR	09.01.2018	S04/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Oppseiing av lokale særavtalar</b>			
Trykte vedlegg: Lokale særavtalar Øygarden kommune			

**Saka gjeld oppseiing av lokale særavtalar frå Øygarden kommune. I samband med etablering av Øygarden brann og redning IKS (ØBR), vart gjelande lokale særavtalar inngått mellom dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane i Øygarden kommune og Øygarden kommune trekt med inn i Øygarden brann- og redning. Øygarden brann- og redning har tre veker på seg til å seie opp slik avtaler. Brann- og redningssjefen meiner det er uhensiktmessig at tilsette som kom frå Øygarden kommune, og tilsette i det opphavlege Sotra Brannvern IKS har**

**ulike avtaler. Det vert difor tilrådd at dei avtaler som er trekt med inn i ØBR, vert sagt opp. Vilkåra vert uansett gjeldande fram til 01.05.2018.**

**Brann- og redningssjefen rår til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med plasstillitsvalde og leiinga ved ØBR, for å gå gjennom eksisterande Lønnspolitiske retningslinjer som Sotra Brannvern IKS utarbeidde for perioden 2015-2017. Retningslinjene vart prolongert med to justeringar. Arbeidsgruppa skal gå gjennom heile retningslina for å sjå på form og innhald. Samstundes vert det høve til å harmoniserer satsar for beredskapstenesta, slik at alle i ØBR har det same grunnlaget.**

**Brann- og redningssjefen rår styret til å seie opp dei lokale særavtalene datert 04.12.2012 og 01.07.2015 med verknad fom 01.05.2018. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom lønnspolitiske retningslinjer og utarbeid forslag til nye retningslinjer. Desse skal leggast fram for styret for godkjenning.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Styret seier opp lokale særavtaler datert 04.12.2012 og 01.07.2015 med verknad fom 01.05.2018. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå plasstillitsvalde og leiinga, som skal revidere eksisterande lønnspolitiske retningslinjer, og utarbeide forslag til ny utgåve. Ny utgåve skal leggast fram for vedtak i styret. Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Vedtak**

Styret seier opp lokale særavtaler datert 04.12.2012 og 01.07.2015 med verknad fom 01.05.2018. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå plasstillitsvalde og leiinga, som skal revidere eksisterande lønnspolitiske retningslinjer, og utarbeide forslag til ny utgåve innan 01.05.2018. Ny utgåve skal leggast fram for vedtak i styret.

**Samrøystes vedteken**

<b>Øygarden brann og redning IKS</b>			<b>Møteprotokoll</b>
<b>Organ</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Styret for ØBR	09.01.2018	S05/2018	Bjørn Olav Paulsen
<b>Møteplan 2018</b>			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld møteplan for styret i Øygarden brann og redning IKS for 2018. Brann- og redningssjefen legg saka fram utan innstilling.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

#### **Innstilling**

Saka vert lagt fram utan innstilling

#### **Vedtak**

Styret vedtek følgjande møteplan for 2018:

19.03, 18.06, 10.09, 26.11. Møtet 19.03 vert inkludert styreopplæring (KS-Bedrift), om dette let seg tilpasse. Møtestart normalt kl. 1500

**Samrøystes vedteken.**